

VEDTEKT TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 105 OM PLASSERING OG UTFORMING AV ADRESSESKILT

Vedteken i Masfjorden kommunestyre den 18.06.2002.som sak 042/02

§ 1 Husnummerskilta, form og utføring.

1. Husnummerskilta skal ha form og utføring i samsvar med Statens vegvesen sin skiltnormal, kap. II, avsnitt 7, skilt 770.
2. Tilvisingsskilt som eigar/festar vert pålagt å setje opp, skal ha form og utføring som vist i vedlegg til denne vedtekta.
3. Dersom eigar/festar ønskjer anna utforming av sitt husnummerskilt enn kravd i nr 1 eller nr 2, kan kommunen, i medhald av § 105 i plan- og bygningslova, godkjenne andre utføringar dersom skiltinga vert minst like tenleg som ved bruk av fastsett standard. Unntaksløyvet skal vere skriftleg og mellombels.

§ 2 Skiltplasseringa.

1. Husnummerskilta og tilvisingsskilt som eigar/festar skal setje opp, skal plasserast slik at det er tydeleg kva for adresseeining nummeret gjeld for. Plasseringa skal vere slik at nummerskilt eller tilvisingsskilt er lett synlege heile året, også etter det er mørkt, frå fellesveg som fører til adresseeininga.
2. Skilta skal, om råd, plasserast ca 2,5 m over bakken til venstre for eller over ytre hovudinngangsdør til adresseeininga. Der slik plassering ikkje er synleg, eller dårleg synleg frå fellesvegen, skal adresseskilt eller tilvisingsskilt vere plassert ved vegen som fører til huset som adressa er knytta til.
3. Kommunen kan påleggje eigar/festar å setje opp tilvisingsskilt på sin eigedom der kommunen finn det turvande for å gjere det lett for ukjende å finne fram til adressa.

§ 3 Tidspunkt for skilting.

1. Ved tildeling av adresse til eksisterande eigedomar eller pålegg om endring av eksisterande adresse, skal kommunen setje ein rimeleg frist for eigar/festar til å setje opp pålagte skilt. Fristen skal framgå av tildelings-/påleggsmeldinga frå kommunen.
2. For nye bygningar som har fått tildelte adresse, skal adresseskilta vere på plass før det vert gjeve bruksløyve eller ferdigattest for bygningen.

§ 4 Skilt som ikkje er i samsvar med §§ 1 og 2, kontroll og retting av manglar.

1. Eksisterande skilt som ikkje har form eller plassering som fastsett i §§ 1 og 2, eller som er godkjend etter § 1 nr 3, kan kommunen krevje at eigar/festar endrar slik at dei tilfredsstillar funksjonskrava i § 2 nr 1, første ledd. Pålegg skal vere skriftleg og det skal setjast rimelege frist for gjennomføringa. Dersom pålegg ikkje er gjennomført innan fristen eller lengd frist etter søknad, kan kommunen gjennomføre pålegget for eigar/festar si rekning.
2. Brannvernet i kommunen skal føre tilsyn med at adressesystemet til ei kvar tid er skilta i samsvar med gjeldande regelverk og pålegg. Manglar skal meldast til vedkomande skiltansvarleg med rimeleg frist til å rette påpeika manglar.

§ 5 Iverksetjing.

Vedtekta gjeld frå den vart vedteken i kommunestyret.